

HAREID SOKN

# Påska 2017

Tidleg om morgonen første dagen i veka, medan det endå var mørkt, kjem Maria Magdalena til grava. Då får ho sjå at steinen er teken vekk frå grava.  
Ho spring av stad.....

Han er oppstanden. Halleluja!  
Lov han og pris ham! Halleluja!  
Jesus, vår Frelser, lenkene brøt.  
Han har beseiret mørke og død.

Lov ham og pris ham,  
vår Frelser og venn,  
han som gir syndere livet igjen!  
Halleluja vi skyldfrie er.  
Halleluja! Vår Jesus er her!



## GUDSTENESTER I PÅSKEVEKA

Palmesøndag i kyrkja kl.11.00 Barbro Landmark, Ida Teige, solistar og orkester.  
Framføring av Bileams esel med 5 åringane.

Skjærtorsdag på Hadartun kl.17.00 Leidulv Ø.Grimstad og Ida Teige. Nattverd.


Skjærtorsdag i kyrkja kl.19.00 Leidulv Ø.Grimstad og Ida Teige. Nattverd. Solosong ved Dagny Karin Topphol. Fløytespel ved Kristin Liavåg Karstensen. Enkelt måltid i kyrkja etter gudstenesta.

Langfredag i kyrkja kl.19.00 Leidulv Ø.Grimstad og Ida Teige, forsongargruppe og solosong ved Guro Topphol.

Påskeaftan i Ulstein kyrkje kl.23.00 Jørgen Skogestad Kleiven og Leidulv Ø.Grimstad

1.påskedag i kyrkja kl.11.00 Leidulv Ø.Grimstad, Ida Teige og blåsegruppe. Dåp og nattverd

Onsdag etter påske i kyrkja kl. 19:30 Salmekveld «Påske og nytt liv». Det blir mye allsong - og det deltek fleire songkrefter. Det blir også mat og drikke etterpå.



Kristus er oppstaden!

Kyrkjelyden svarar:  
Ja, han er sanneleg oppstaden.

Fastetida går mot slutten og går over i den stille veka. Denne går frå palmesundag til påskeaftan. Kva tid påske kjem i året, vart bestemt i kyrkjemøtet i Nikea i 325.

Då skulle påskedag vere første søndag etter første fullmåne etter 21. mars. Derfor kan påskedag kome frå 22. mars til 25. april.

Påskehøgtida er saman med jula den mest sentrale av dei kristne høgtidene. Vi får i denne tida bli med Jesus til den siste nattverd, sjå hans liding og død og så få oppleve oppstoda. Desse dramatiske dagane er heilt avgjerande for at det fins ei kristen tru og kyrkje. Det at Jesus døydde og sto opp frå dei døde, er grunnlaget for at folk følgjer etter Jesus den dag i dag. At han døydde for vår skuld, og viste seg sterkare enn døden, gjer han til noko meir enn ein lærermeister. Det er det som gir oss eit håp om evig liv. Å følgje rytmen i påskedagane gjer noko med ein. Skjærtorsdag vert det i forlenginga av gudstenesta eit fellesmåltid før alterbordet vert duka av og lysa slakte i kyrkja.

Vi går inn i langfredagstimane. Påskeaftan er det påskennattsmesse i Ulstein kyrkje. Det er ei stemningsfull og vakker gudsteneste, ta deg gjerne tid til å bli med der. Så kjem endeleg påskemorgon med påskesalmar og jubel.

Etter kyrkjeklokkene har ringt inn til festgudsteneste, kjem presten fram i kordøra og ropar ut: Kristus er oppstaden. Kyrkjelyden svarar: Ja, han er sanneleg oppstaden. Kristus er oppstaden. Kyrkjelyden svarar: Ja, han er sanneleg oppstaden.

Då feirar vi at Jesus vann over døden og sto opp og lever – slik at vi ved trua på han også skal leve det evige livet.

